

**Bjørn Egil Flø**

er bygdesosiolog og forskar ved Norsk institutt for bioøkonomi. Han er sunnmøring og opplært til å meine at skal ting bli betre, lyt me gjere det sjølve.

Bønder som smir sin eigen lå

Moderniteten har gjort jordbruket til eit instrument for stat og marknad, men somme bønder vel å gå sin eigen veg.

I det eg svingar ut frå gardsplassen og ser bonden i bakspegelen stige om bord i traktoren, er det ei setning frå samtala som ikkje slepp taket. «*For eg tenkjer ikkje likt med dei*», hadde han sagt. Han forklarte at det moderne jordbruket hadde fjerna seg frå jorda. «*Det kan knapt kallast jordbruk*», meinte han før han la til «*snarare er det jordforbruk*».

Eg vart ikkje overraska av å høyre ein mjølke- og kornbonde som dreiv tilsynelatande effektivt på indre Østfold hevda at det moderne jordbruket hadde blitt jamt meir forbruk av jord. Eg har høyrte mange bønder uroe seg for utviklinga. Det slit ut bøndene og uttynnar bygdesamfunna og ikkje minst er det øydande på grunnressursen – jorda ... molda. Men dei er med på det sjølve, dei driv så effektivt og intensivt dei kan, i von om at det skal gi økonomisk handlingsrom nok til å kunne endre drifta – ja endå livet – når dei berre kjem seg ovanpå. «*Men me kjem aldri dit*», sa han «*Dei grev oss berre djupare ned i skiten*».

Troikaen på toppen

Eg stussa på korleis han nytta *me* og *dei* då han snakka, og spurte like godt om kva han meinte med at *me* aldri kjem dit fordi *dei* grev oss ned.

Han meinte den jordbrukspolitiske samtala er dominert av ei sterk forteljing

boren fram av ei jordbrukspolitisk elite. Også det har eg høyrte før. Eg har høyrte bønder snakke om *jordbrukets jarntriangel* i mange år no. I 2006 teikna ein Budalsbonde opp ein trekant på benkeplata i verkstaden og skreiv landbruksdepartementet i det eine hjørnet, UMB i det andre og Schweigaards gate i det tredje hjørnet. Ja, for som eg sa; dette var like etter at den gamle landbrukshøgskulen på Ås vart universitet og fekk uforståelige akronym og før Landbrukets hus fekk adresse Hollendergata.

Innanfor dette triangelet finst *dei*, altså dei bonden i bakspegelen nett hadde snakka om. Her finst dei som gjer at han og hans yrkesbrør sekk lengre ned i skiten til hardare dei strevar.

Jordbruket som instrument

Men kvar kjem eigentleg tenkjemåten åt jordbrukets jarntriangel frå? Kva kjenneteiknar og

skil den frå tenkjemåten åt denne Østfoldsbonden og hans like? Eg trur svaret er; moderniteten.

Tenkjemåten kjem frå tidsånda som kjenneteikna industrialiseringa og moderniseringa av dei vestlege samfunna. Det var då jordbruket gjekk frå å vere moralsk oppbyggjeleg for menneskje til å bli eit middel til å bygge staten.

Då dei franske naturrettsfilosofane definerte det som vart kalla *agrarianis-*



I egne hender: Så mange bønder driv så effektivt og ikkje at den er lett, men den gjer livet meir kvalitet.

men på 1700-talet, meinte dei at bøndene var særskilt gode av natur. Praktisk arbeid med jorda kopla mennesket til naturen og ga oss ei djupare forståing av vår symbiose med den. Nokre britiske filosofar meinte at det fyrst og fremst er dei som i praksis arbeider med jorda som også moralsk sett bør eige den. I Amerika meinte Thomas Jefferson, ein av *the founding fathers*, at det gryande amerikanske demokratiet måtte tufast på agrarianismens idear om at det å arbeidet på jordet forma dei «særskilt verdifulle borgarane» og «sanne republikanarane».

Den agrarianistiske tenkemåten prega dei kulturelle strøymingane i heile den vestlege verda. Under den nasjonalromantiske æraen som vart svært formande her heime, sende me nasjonalskaldar og kunstmålarar ut i Bygde-Noreg for å portretterte det norske bondesamfunnet som eit ideal for den nye



i intensivt dei kan, i takt med tidas tankesett og krav. Likevel får dei aldri det økonomiske handlingsrommet dei strevar etter. Nokre vågar ein annan veg.

nasjonen. Den sjølvveigande og bufaste bondes dygd og dugleik vart eit mønster for den norske kulturen. Jordbruket vart eit ideal for heile samfunnet.

Det dydsteoretiske og moralfilosofiske innhaldet i agrarianismen var grunnlaget for å gi jordbruket ei så viktig rolle i nasjonsbygginga – politisk like som kulturelt – men samstundes gjorde det også jordbruket om til eit instrument.

Inn i maskineriet

Då det moderne Noreg skulle byggast etter mønster av det industrialiserte Europa vart instrumentet på nytt teke i bruk, men no med eit heilt anna innhald. No var ikkje jordbruket viktig fordi det skapte gode menneskjer. No skulle det sørve industrien med folk og mat. Den modernistiske agrarianismen tok til seg tenkjemåtar som prega den industrielle tenkinga. Produktivitet og effektivitet vart målet. Like som måleparameteret

og økonomane rekna ut at det var inn-effektivt å smi sin eigen lå. Den skulle kjøpast på marknaden.

Det var eit radikalt skifte, godt skildra i Inge Krokann sitt langessay «Det store hamskiftet i bondesamfunnet» frå 1942.

Dei moderne tekniske hjelperåder har kila seg inn mellom subjekt og objekt.[...] Mannen ser no meir på reiskapen som arbeider med jorda enn på jorda sjølv (Krokann [1942] 1982, 116).

Litt seinare gjer han ei analyse som også er typisk for tida og som peikar i retning jordbrukets jarntriangel.

Fagautoritetar – gjennom venskap, funksjonærar, presse og økonomiske institusjonar – har på mange vis sett av bonden sjølv i hans eige arbeid og skapt ei kjensle av indre ufridom (Krokann [1942] 1982, 116).

Det var dette han ikkje ville vere med på lenger, østfoldbonden i bakspegelen. Han ville ikkje følge råda åt fagautorite-

tane. Han gjekk sin eigen veg. Han laga sitt eige fôr og sin eigen gjødsel. Han ville gjere bruket sitt til eit sjølvveigande bruk, kvitte seg med gjelda og ikkje investere meir enn det han hadde på bok.

Han «subsidierte» gjerne bruket sitt med pengar han tente utanfor bruket, for livskvaliteten sjølvveigarskapet gav var verdt det. Men den største gleda var vis-sa om at han var jordbrukar no, og ikkje jordforbrukar. Derfor trassar han råda og smir sin eigen lå.

MOLDROK:
drev av tørr mold
grunna vind,
jordarbeid – eller
friskt ordskifte.